



Arkivnr: 2017/3908-1

Saksbehandlar: Karl Viken, Pål Kleive, Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

Tertialrapport pr. april 2017 - rekneskapsprognose

Samandrag

Tertialrapporten etter 1. tertial viser prognose om balanse for 2017. Samanlikna med i fjor er det gjennomgåande fleire avdelingar og område som melder ein årsprognose lik balanse, og avdelingane med avvik melder mindre avvik enn i fjor.

Fylkesrådmannen vil særleg følgja opp sektorane opplæring og tannhelse som pr. fyrste tertial ligg an til negative budsjettunderskot. Prognosen for opplæring er meirforbruk på 26 mill. kr etter at 14 mill. kr vert dekkja inn av fondsmidlar. For tannhelsetenesta er prognosen eit negativt budsjettavvik på 15 mill. kr etter 1. tertial. I tillegg er det viktig å ha fokus på andre økonomiområde som har innverknad på den økonomiske stoda og resultatet.

Samferdselsektoren melder ein årsprognose samla sett på 23 mill. kr betre enn det som er budsjettet. I denne prognosen ligg til grunn eit positivt avvik på 30 mill. kr i Skyss sine budsjett, og om lag 7 mill. kr i overforbruk på vegvedlikehaldet. Lønsbudsjettet ligg an til å få ei innsparing i 2017, elles melder dei andre avdelingane prognosar lik balanse ved årets slutt. Skattekapittelet medverka i 2016 til det store positive budsjettavviket. For 2017 har ein ikkje indikasjonar på tilsvarande utvikling. Rentenivået er også på nivå med det som er lagt til grunn i budsjettet.

Eit positivt årsresultat eller balanse ved årets slutt er sær bra, men vil ikkje i seg sjølv betre den økonomiske stoda til fylkeskommunen. Difor vil innarbeiding av varige kostnadsreducerande tiltak ha prioritet i arbeidet med budsjettet for 2018. Dette er naudsynt mellom anna for å handtera utfordringa med kostnadsauke i nye ferjekontraktar som får verknad frå 2018, og for å betre den økonomiske stillinga til fylkeskommunen.

Som nemnt ved tidlegare rapporteringar, er det liten fare for rekneskapsunderskot i 2017. Det kjem av at det i budsjettet for 2017 er sett av 70 mill. kr til finansiering av investeringar. Dette er ein minimumsbuffer for endringar i budsjettåret, og fylkesrådmannen vil understreka at den økonomiske stillinga for fylkeskommunen vil verta svekka om ein får eit budsjettmessig meirforbruk i 2017.

Det er ikkje framlegg i saka om endringar av driftsbudsjettet. På investeringsbudsjettet har fylkesrådmannen i saka framlegg om nokre endringar – i hovudsak grunna endra framdrift for nokre prosjekt samanlikna med det som var lagt til grunn i budsjettet.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2017 vert endra slik:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./	Mindreutg./
02300	300 420 00	07602	Fylkesveginvesteringar	20 000 000	
02300	628 020 00	02131	Odda vgs.		15 000 000
02300	773 100 00	07009	Utleige - tidl. Fana gymnas		5 000 000
				20 000 000	20 000 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.05.2017

Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 1. tertial 2017:

	Reknesk. pr. apr.	Årsbudsj.	Forbruk i % av årsbud.
Administrasjon	3 292	26 000	12,7 %
Fylkesvegar	214 945	1 463 800	14,7 %
Andre samferdselsføremål	21 324	477 000	4,5 %
Kultur	0	3 000	0,0 %
Tannhelsetenesta	6 265	10 000	62,7 %
Opplæring	116 842	535 000	21,8 %
Fellesfunksjonar	8 926	37 000	24,1 %
TOTAL	371 595	2 551 800	14,6 %

Status for framdrift og økonomi i dei enkelte investeringsprosjekta er omtalt nedanfor.

Opplæring

Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren

Løyvinga for 2017 er på 75 mill. kr, og av dette er like over 40 mill. kr fordelt i 1. tertial. Samla forbruk ved utgangen av april var på 8,8 mill. kr. Dei største nye prosjekta som er behandla inneverande år er tiltak ved Os vidaregåande skule - oppgradering av D-blokka, Fyllingsdalen vidaregåande skule - utbetring ventilasjon og Arna vidaregåande skule - ombygging media og kommunikasjon. Samla forbruk er relativt lågt pt, men vil auke ut over året og fylkesrådmannen rår ikkje til at det vert gjort budsjettmessige justeringar i denne omgangen.

Skulebruksplan - planmidler

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen og tiltak som der er vedteke. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta og til planlegging, koordinering og utgreiingar/analyser. Planmidlane er viktige for å sikre gode prosessar og gode beslutningsgrunnlag. Forbruket pr. månadsskifte er på om lag 0,3 mill. kr. Fleire prosessar er starta opp og ein rår ikkje til at det vert gjort budsjettmessige endringar no.

Nye Voss gymnas

Det er i budsjettet for 2017 løyvd 130 mill. kr til prosjektet Nye Voss gymnas. Arbeidet med nybygget har gått som planlagt, men rehabilitering av det gamle bygget er utsatt to månader til skuleåret er ferdig. Delar av arbeidet vil difor bli flytt til fyrste kvartal i 2018. I samband med dette vil 24 mill. kr i først gå med i 2018. Sluttprognosen tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt innanfor totalbudsjettet.

Åsane vidaregåande skole

Romprogrammet for Nye Åsane vidaregåande skole vart vedteke i juni 2016 med ei total prosjektramme på 980 mill. kr. Denne ramma er seinare redusert med 200 mill. kr i fylkestingssak 11/17 i mars i år.

Som ein premiss i fylkestingssaka, er det lagt til grunn tilskot frå Bergen kommune på 100 mill. kr knytt til kulturdelen. Bergen bystyre har i møte 26. april, sak 110/17, vedteke å finansiera kulturdelen av prosjektet. I bystyresaka har denne delen av prosjektet eit kostnadsoverslag på om lag 120 mill. kr.

Framdrifta går som planlagt med ferdigstilling av skulen til skuleåret 2020/2021. Det ser ut for at prosjektet får eit mindre overforbruk i 2017, men dette endrar ikkje forventta totalkostnad for prosjektet. Fylkesrådmannen vil leggja opp til å flytta 10 mill. kr fram til 2017 frå 2018, og kjem konkret attende til dette i samband med rapporteringa for 2. tertial.

Tertnes videregående skole

Romprogrammet vart vedteke i februar 2016 med ei total prosjektramme på 210 mill. kr. Løyvinga for 2017 er på 115 mill. kr. Framdrifta er stram, men går som planlagt med ferdigstilling av tilbygget til skuleåret 2018/2019.

Bergen Katedralskole – tilbygg

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 165 mill. kr. Av dette er 70 mill. kr løyvd i 2017. Framdrifta i prosjektet er i samsvar med vedtekne planar.

I gjennomføringa av prosjektet ser ein at det er behov for å gjere fleire tiltak i klasseromsbygget som berre i svært avgrensa grad skulle rehabiliterast i gjeldande planar. Prosjektet har så langt halde seg godt innanfor vedteken kostnadsramme. Fylkesrådmannen ser klare føremoner ved å gjere mindre utbetringar når ein alt har eit prosjekt på skulen. Det vert difor rådd til at det vert gjort mindre tiltak, også på andre areal ved skulen, så lenge det skjer innanfor den vedtekne kostnadsramma.

Odda vidaregåande skule - Rehabilitering

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 159 mill. kr, og ei løyving for 2017 på 100 mill. kr. Forbruket for inneverande år etter 4 månadar ligg på 17 mill. kr. Prosjektet har forventa slutføring i første halvår 2018. For inneverande år kan ein ta ned budsjettet med 15 mill. kr og fylkesrådmannen foreslår at budsjettet vert redusert med denne summen.

Ein ser at dei bygningsmessige utfordringane med å få til gode løysingar er undervurdert i prosjektet, og ikkje teke høgd for i kostnadsramma. Det er også under byggeprosessen avdekka eit naudsynt utbetningsbehov av fasaden som ikkje var budsjettert. Det pågår ein prosess med å kartlegge samla kostnad for fase 1 og 2 av prosjektet og eventuelt behovet for tilleggsløyving til prosjektet i 2018. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i samband med rapporteringa for 2. tertial og i budsjettet for 2018.

Samferdsel

Bussanlegg Sunnhordland og Askøy

Prosjektet omfattar bygging av nye anlegg på Stord og på Bømlo. Framdrifta på prosjektet på Stord er i samsvar med plan og anlegget er forventa overtatt i mai 2017. For anlegget på Bømlo er framdrifta noko forsinka, men vil bli ferdigstilt innan start av ny rutepakke. Sluttprognosen tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt innanfor totalbudsjettet.

Framdrifta for prosjektet på Askøy er noko usikker på noverande tidspunkt. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette prosjektet i samband med rapporteringa etter 2. tertial.

Terminalbygg/sjåførfasilitetar

Det er i 2017 løyvd 2 mill. kr til formålet, utan at midlar er nytta så langt i år. Ein ser at det er press frå operatørane/tilsette i busselskapa for å få til eit betre tilbod om sjåførfasilitetar. Dette må og vurderast opp mot behov ved nye rutepakkar. Det blir lagt fram ei samla sak til fylkesutvalet i juni 2017. Saka vil leggja premissar for vidare investeringar og ein rår difor ikkje til at budsjettposten vert endra i samband med denne rapporteringa.

Bybanen – vognmateriell

I budsjettet for 2017 er det sett av 74 mill. kr til forlenging av eksisterande vogner og planleggingsmidlar til innkjøp av nye vogner til byggetrinn 4 mot Fyllingsdalen.

Arbeidet med forlenging av vognene er i god gjenge og arbeidet skal etter planen ferdigstillast i løpet av 2017. Betalingstidspunktet for forlengingsarbeidet kjem noko seinare enn lagt til grunn ved utarbeiding av budsjettet for 2017. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i rapporten etter 2. tertial. Då vil ein ha oversyn over om noko av kostnaden først vil koma i 2018 ettersom det då vil vera klart når arbeidet kan avsluttast og dei 20 kortaste bybanevognene har fått full lengde.

Fylkesvegar

Fylkesrådmannen vil nedanfor gje ein kort statusrapport for strekningsvise prosjekt, programområda, standardhevingstiltaka og rassikringsprosjekta og foreslå nokre budsjettjusteringar.

Bergensprogrammet – store prosjekt

Ringveg Vest byggetrinn 2

Det er budsjettet med 80 mill. kr til slutføring av prosjektet. Arbeid innan elektro, overvaking og styringssystem skal avsluttast. Prognosen for 2017 er eit mindreforbruk på 20 mill. kr.

Samla kostnader for dette prosjektet ligg godt under styringsramma.

Hjellestadvegen

Godkjent reguleringsplan ligg føre, og i 2016 vart prosjektering og grunnerverv gjennomført. Prosjektet er lyst ut og tilbod er motteke. Kostnadsramma for prosjektet er 160 mill. kr. Budsjettet for 2017 er 50 mill. kr. Fylkesrådmannen vil koma attende til eventuell budsjettjustering i rapporten etter 2. tertial.

Bergensprogrammet - programområda

Regionvegsjefen melder om venta meirforbruk på 30 mill. kr i høve til det vedteke byggeprogrammet. Det er særleg innan områda kollektivtiltak, trafikksikringstiltak og planlegging det er avvik. Det er søkt om ekstra belønningmidlar til m. a. programområdetiltak og planlegging i Bergen. Eit positiv tilsegn om midlar her vil gjere meirforbruket noko mindre.

Avvika skuldast i hovudsak endra framdrift med bakgrunn i manglande plangodkjenning og at utarbeiding av konkurransegrunnlag tek lengre tid enn lagt til grunn.

Fylkesrådmannen vil gjera budsjettendringar innanfor dei ulike programområda i samsvar med fullmakt.

Bergensprogrammet - redusert bompengefinansiering

Fylkestinget og bystyret i Bergen har vedteke at Plan- og byggeprogrammet i Bergensprogrammet skal reduserast med 70 mill. kr i 2017. Bakgrunnen er at bompenginntektene i bomringen i Bergen er lågare enn lagt til grunn etter innføringa av tidsdifferensierte takstar.

Bystyret i Bergen legg til grunn at Bergen kommune får uttala seg om fordeling av reduksjonen på 70 mill. kr fordelt på prosjekt, før fylkestinget gjer vedtak.

Fylkesrådmannen foreslår difor at ein kjem attende til dette i samband med rapporten etter 2. tertial til fylkestinget i oktober. Fråsegn frå Bergen kommune om fordeling av reduksjonen fordelt på ulike prosjekt vil då liggja føre.

Strekningvise prosjekt utanom Bergen

Kvammapakken (Kvam)

Prosjektet Nes – Norheimsund er under bygging og fyrste delstrekning vert ferdigstilt til sommaren. Siste delstrekning (Evighetssvingen – Norheimsund) skal stå ferdig hausten 2017.

Ved utgangen av 2016 stod det att om lag 50 mill. kr til finansiering av prosjekta i Kvammapakken. Det meste av desse midlane vil gå med til finansiering av pågåande prosjekt. Det vil dermed ikkje vera tilstrekkeleg midlar til finansiering av heile prosjektet Øystese aust mot Laupsa. Regionvegsjefen er

oppteken av å få fjerna flaskehalsen ved Laupsa, noko som er særleg viktig når Fv7 vert nytta som omkøyingsveg for E16. Om utbetringa ved Laupsa vert gjennomført, kan distansen der ein må ha kolonnekøyning, reduserast med 6 km til 37 km. Statens vegvesen viser og til at dette tiltaket er på prioriteringslista over tiltak på det overordna fylkesvegnettet.

Kostnaden for å få utbetra vegen fram til Laupsa er rekna til 29 mill. kr fordelt på 2017 og 2018. Det vil vera trong for løyving på 12 mill. kr desse to åra utover det som står att av midlar i Kvammapakken.

Fylkesrådmannen er samd med regionvegsjefen i at flaskehalsen ved Laupsa bør utbetrast, og foreslår å setja av 5 mill. kr til tiltaket i 2017. Restfinansiering kjem ein attende til i budsjettet for 2018.

Bømlopakken (Bømlo)

Framdrifta i Bømlopakken er god og det er ikkje varsla om meirforbruk etter 1. tertial.

Reguleringsplan for strekninga Sakseid – Hestaneset er venta godkjent i år. Strekninga Tjong – Løvegapet er venta ferdigstilt i løpet av 2017. Prosjektet Stokkabekken – Siggjarvåg er venta ferdig til sommaren og økonomien er også her i samsvar med planen.

Fv 209 Storskaret – Arefjord (Fjell)

Budsjettet for 2017 for dette prosjektet er 55 mill. kr. Etter 1. tertial er det venta eit meirforbruk på 15 mill. kr som i hovudsak skuldast at prosjektet hadde seinare framdrift i 2016 enn lagt til grunn. Totalkostnaden er venta å vera innanfor styringsramma.

Fylkesrådmannen foreslår å auka budsjettet med 15 mill. kr i 2017 og fører opp til saman 70 mill. kr.

Fv158 Grindavoll – Lepsøy (Os)

Strekninga Grindavoll – Vågshaugen er under ferdigstilling. Det vert i det vidare sett på mindre punktutbetringar på strekninga fram til Lepsøy og ein vil koma attende til desse i budsjettet for 2018.

Fv6 Haugalandspakken Sveio-Buavåg (Sveio)

Budsjettet for 2017 er på 10,6 mill. kr. Det er ikkje rapportert om avvik for utbetningsarbeidet på strekninga Buamyrdalen – Grimstveit.

Fv 545 Stord vestsida (Stord, Fitjar)

Prosjektering for strekninga Rimbareid – Vik vart seinka som følgje av utfordringar knytt til ytre miljø og grunnverv, men kontrakt er no inngått. Planen er at arbeidet på strekninga skal stå ferdig i løpet av 2017. Det er vidare på gang prosjekteringsarbeid for tiltak i Fitjar sentrum og utbetningsarbeid for Snikkarsvingen i Sagvåg er under planlegging.

Regionvegsjefen melder om eit meirforbruk på knapt 10 mill. kr slik det ser ut etter 1. tertial. Tiltaka er i hovudsak finansert med bompengar som vert tekne inn på ferjestrekninga Halhjem – Sandvikvåg.

Askøypakken (Askøy)

Prosjektering og grunnverv har teke lengre tid enn lagt til grunn. For nokre prosjekt er det også behov for å gjera reguleringsendringar. Regionvegsjefen melder ut frå dette at prognosen etter 1. tertial er eit mindreforbruk på vel 30 mill. kr av løyvinga på 110 mill. kr i 2017.

For strekninga Strømsnes – Hop er det venta oppstart mot slutten av året. Prosjekta Lindhaugen – Slettebrekka og Slettebrekka – Hetlevik har seinare framdrift enn tidlegare lagt til grunn.

Nordhordlandspakken

Bompengesøknaden for Nordhordlandspakken er enno ikkje vedteken i Stortinget. I budsjettet for 2017 er det sett av 13,5 mill. kr. Planlegging for utbetring av strekninga Marås – Soltveit er starta opp. Det same gjeld rundkøyning i Knarvik.

Fylkesrådmannen kjem attende til prosjekta i Nordhordlandspakken når bompengesøknaden er handsama i Stortinget.

Kollektivterminal Voss

Det er sett av 20 mill. kr i budsjettet for 2017. Det er ikkje venta avvik, men det er enno uvisst når prosjektet kan lysast ut. Utbygginga av terminalen vert koordinert med utbygginga av jernbaneterminalen som Rom eigedom står for.

Fylkesrådmannen vil ha ein sikrare prognose for framdrift og forbruk i rapporten etter 2. tertial.

Askøybrua – fysiske tiltak

Det meste av sikringsarbeidet med m.a. høgt gjerde er utført. Det var vidare lagt opp til å få utført mindre utbetningsarbeid av brukassen, men røynsle frå tilsvarande arbeid på Nordhordlandsbrua gjer at Statens vegvesen vil vurdere dei planlagde tiltaka på nytt. Det er difor venta innsparing for dette prosjektet på vel 22 mill. kr i 2017.

Fv 161 Åsen – Helleskaret (Os)

Prosjektkostanden for prosjektet var stipulert til 61 mill. kr. Avtalen med Os kommune er at kommunen skal dekke 2/3 av kostnaden og fylkeskommunen 1/3.

Tilbod frå entreprenør er høgare enn kostnadsoverslaget. Det er uklart om prosjektet kjem i gang i 2017, men regionvegsjefen legg til grunn avklaring før sommaren. Fylkesrådmannen har god dialog med Os kommune om finansieringsopplegget for prosjektet og kjem attende til dette i rapporten etter 2. tertial.

Mindre utbetningar, programområde utanom Bergen og standardhevingstiltak

For tiltak innanfor desse områda er prognosen eit meirforbruk på vel 11 mill. kr. Det er svært mange tiltak innanfor dei ulike områda og sekkepostane. T.d. er det innanfor programområdet kollektivtiltak opp mot 30 tiltak. Årsakene til avvika er dermed litt ulike, men er ofte knytt til endra framdrift på arbeidet med grunnverv, trong for planavklaringar og reguleringsendringar.

Fylkesrådmannen ser positivt på at prognosen tyder på at budsjettløyvinga for 2017 vert nytta og at planlagde prosjekt dermed i stor grad vert gjennomført.

Rassikring

Fv7 Bjørgatunnelen/Lussandberget (Granvin).

Tunnelen vart opna for trafikk i november 2016. Det er budsjettert med 54,3 mill. kr til mindre arbeid og sluttoppgjjer i 2017. Totalprognosen for prosjektet er innanfor opphavleg kostnadsramme.

Fv344 Oddaneset (Vaksdal)

Prosjektet starta i 2016 og det er sett av 4 mill. kr i 2017 til slutføring som er venta tidleg på hausten i år.

Fv551 Furebergfossen bru (Kvinnherad)

Det er sett av 5 mill. kr til planlegging. Prognosen etter 1. tertial er at det vert eit mindreforbruk ettersom det har teke lengre tid enn lagt til grunn å handsama reguleringsplanen. M.a. har NVE stilt krav om utgreiingar.

Fylkesrådmannen kjem attende til dette og andre rassikringstiltak i budsjettet for 2018. Statstilskot for rassikring av fylkesvegar vert handsama som ein del av Nasjonal Transportplan. Den statlege tilskotsramma for neste planperiode vert avklara i denne prosessen og når ein kjem til budsjettet for 2018 vil ein ha betre oversyn over kva statlege tilskotsmidlar ein kan rekna med til rassikringsprosjekt.

Bybanen

Byggetrinn 3 Lagunen – Flesland

I budsjettet for 2017 er det sett av 100 mill. kr til sluttfinansiering av dette byggetrinnet. I 1. tertial i år er drifta starta på heile traseen fram til Flesland. Fylkesrådmannen kjem attende til prosjektet når det er avslutta.

Byggetrinn 4 Sentrum – Fyllingsdalen

Stortinget har godkjent at det kan nyttast inntil 200 mill. kr av bompengane i Bergensprogrammet til byggetrinn 4 – strekninga mot Fyllingsdalen.

I sak med ny gjennomgang av investeringsbudsjettet til fylkestinget i mars vart budsjettet for 2017 for prosjekterings- og planleggingsarbeidet redusert til 116 mill. kr. Tidlegare år er det nytta om lag 60 mill. kr, slik at ein med eit samla forbruk på 176 mill. kr ligg godt innanfor den ramma Stortinget har godkjent.

Fylkestinget har tidlegare godkjent forskottering av grunnerverv på den nye strekninga på 30 mill. kr. I og med at arbeidet med Byvekstavtalen har teke lengre tid enn lagt til grunn, vil det vera behov for ytterlegare forskottering av midlar til grunnerverv. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette i tertialrapporten etter 2. tertial.

Byvekstavtalen mellom staten, Bergen kommune og fylkeskommunen er under arbeid og forhandlingane om avtalen er venta slutførde med det første. Finansieringa av byggetrinn 4 vil inngå som ein del av denne avtalen. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette når avtalen ligg føre.

Kultur

Det er sett av 3 mill. kr til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige. I premissane for løyvinga er Stend nemnd særskilt, men det er føresett eiga politisk sak om fordeling av midlane på einskildprosjekt. Slik sak er pt. ikkje lagt fram.

Tannhelse

Ombygging / nybygg

I budsjettet for 2017 er det budsjettert med 5 mill. kr til tannklinikkar og av desse er 3 mill. kr sett av til Askøy tannklinik. Den nye tannklinikken på Askøy er tatt i bruk i samsvar med plan, men sluttoppgjeret er enno ikkje ferdig. Det er under arbeid å finna nye lokale i Knarvik og i Arna. Det er også meldt inn behov for ny heis ved Hesthaugen tannklinik. Eventuelle løyvingar i 2017 for desse prosjekta vert å kome attende til.

Fellesfunksjonar

Fylkeshuset – ombygging/opprustning

Det er løyvd 3 mill. kr til dette i 2017. Bygget har behov for totalrehabilitering og det pågår ein særskilt prosess knytt til dette. Det er planlagd eit arbeid knytt til el-sikkerheit og det kan og oppstå akutte forhold som krev oppfølging.

Utleige tidl. Fana gymnas

Det er inngått leigeavtale med Bergen kommune knytt til tidlegare Fana gymnas, og i budsjettet for 2017 er det løyvd 30 mill. kr til utbetringar før kommunen tek bygget i bruk. Prosjektet er i sluttfasen og prognosen tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt innanfor totalbudsjettet. Det er planlagt innflytting frå Bergen kommune si side i løpet av mai i år.

Sidan prosjektet er knytt til utleige og ikkje ordinær fylkeskommunal verksemd har ein rett til frådrag (refusjon) og ikkje kompensasjon for meirverdiavgift. Budsjettmessig gjer dette at ramma for prosjektet kan reduserast med 5 mill. kr, utan at det påverkar prosjektet.

IT-fellessystem

Løyvinga er på 23 mill. kr og det er ikkje meldt om avvik i forhold til ramma pr. 1 tertial.

Oppsummering investeringar

Fylkesrådmannen foreslår etter 1. tertial nokre få budsjettendringar på investeringsbudsjettet. Det gjeld auka løyving til fylkesveginvesteringar med 20 mill. kr med tilsvarande reduksjon av løyvingane til skuleutbyggingar. Oppstillinga nedanfor viser endringsforslaget (mill. kr):

Storskaret - Arefjordpollen	15
Kvamppakken	5
Sum auke	20
Odda vidaregåande skule	-15
Utleige - tidl. Fana gymnas	-5
Reduksjon	-20

Drift**Revidert nasjonalbudsjett 2017**

Revidert nasjonalbudsjett vart lagt fram 11. mai 2017. Regjeringa kjem her med ny informasjon om utviklinga på sentrale postar som utvikling i lønsvekst og pronose for samla skatteinngang.

Overslaget for lønsveksten i 2017 er nedjustert frå 2,7% til 2,4%. Dette medverkar til at kostnadsveksten i kommunesektoren (deflator) vert redusert frå 2,5% til 2,3%. Samla for kommunesektoren medfører denne endringa ei innsparing på 900 mill. kr.

Lågare lønsvekst medfører lågare vekst i skatteinntektene. Det samla skatteoverslaget er no nedjustert med 850 mill. kr, der vel 160 mill. kr av reduksjonen vert kompensert gjennom rammetilskotet. Resterande 700 mill. kr vil koma som lågare skatteinntekt enn lagt til grunn om den nye prognosen slår til.

Kvartalsvis rapportering med nytt verktøy

I 2016 innførte fylkesrådmannen ordning med kvartalsvis rapportering for å følgja budsjettstyringa tettare. I samband med dette vert det utarbeidd kvartalsvise rapportar frå kvar avdelingsdirektør til fylkesrådmannen med etterfølgjande møte for gjennomgang av rapporten. På møta er det stort fokus på avvik i forhold til førre prognose og oppfølging av tiltak frå førre rapportering. Frå første kvartal 2017 vart det nye økonomisystemet Visma tatt i bruk i den kvartalsvise rapporteringa. Dette inneber at kvar eining må rapportere status for kvartalet og ein årsprognose i Visma og det gir fylkesrådmannen og einingane eit felles verktøy for å synleggjere moglegheiter og utfordringar. Dette gir enda betre moglegheit for å følgja budsjettstyringa tettare.

Fylkesrådmannen er spesielt nøgd med det gode arbeidet som er gjort ved kvar ein skilde eining, mellom anna ved skulane, i samband med kvartalsrapporteringa. Dette vil truleg gje betre økonomisk styring og bidra til betre økonomiske resultat.

Politiske organ og administrasjon

I budsjettet for 2017 er det utarbeidd avdelingsvise strategiar og ein av strategiane for Økonomi- og organisasjonsavdelinga er å bidra til ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing. Det er særleg merksemd på gevinstrealisering.

Ein større endring som no er på plass er altså nytt økonomisystem. Systemet var på plass 1. januar 2017, og sjølv om det har vore nokre oppstartsproblem så har innføringa i det store og heile vore vellukka.

Samla sett er det god budsjettkontroll for dei sentrale administrasjonsbudsjetta. Årsprognosen er balanse mellom budsjett og rekneskap for dette området.

Lønsavsetjing/pensjonskostnader

Det er oppnådd semje i dei sentrale lønsforhandlingane for kommunesektoren. KS har rekna ut årslønsveksten 2016-2017 til 2,4 %. På lønsavsetjingskontoen er det budsjettert med ein lønsvekst på 2,7 %. Dette tilseier ei innsparing på om lag 9 mill. kr.

KLP har meldt inn prognose for 2017 som tyder på meirkostnad på 4 mill. kr for pensjonskostnadene. Samla er det dermed prognose om innsparing på 5 mill. kr for desse postane.

Opplæring

Prognosen for opplæringssektoren samla er ei budsjettoverskriding på 26 mill. kr. Under er omtale som kort forklarar avviket i årsprognosen.

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot budsjettoverskriding på 30 mill. kr. Omlag 14 mill. kr av meirforbruket vert dekkja ved overføringar frå driftsfond ved skulane. Samla sett er difor prognosen for dei vidaregåande skulane omlag 16 mill. kr i meirforbruk. Det er ulike årsaker på kvar skule til dette budsjettavviket, og fylkesrådmannen vil gjennom kvartalsrapporteringa setje i verk tiltak både på kort og lang sikt.

Utover budsjettoverskridinga på skulane er det prognose om 10 mill. kr i meirforbruk på andre postar i opplæringsbudsjettet. M.a. gjeld det vaksenopplæring med 4 mill. kr og fagprøver på om lag 4 mill. kr.

Fylkesrådmannen følger kostnadsutviklinga innan opplæringssektoren med stor merksemd. Avdelinga er særskild viktig for totaløkonomien og det er avgjerande å få kontroll med kostnadsutviklinga i opplæringssektoren. Det er difor viktig å halda fram med budsjettstyringa og nye tiltak i skulane, og i opplæringssektoren elles.

Tannhelsetenesta

For tannhelsesektoren syner tala ei relativt stor budsjettoverskriding etter fire månadar. Budsjettet for 2017 er nokså stramt, og fylkestannlegen melder om ein negativ årsprognose på 15 mill. kr.

Det er fleire moment som samla bidreg til at tannhelse melder om eit så stort negativt budsjettavvik. TkVest/Hordaland er eininga der dei økonomiske utfordringane er størst. Sjølv om det er fleire år sidan senteret opna, har ikkje økonomien for senteret sett seg. Senteret har fått budsjettstyrking i 2017, men prognosen tyder på denne ikkje er tilstrekkeleg. Fylkesrådmannen har bede fylkeskommunen sin revisor gå gjennom økonomien ved kompetansesenteret, og fokuset her vil m.a. vera fordelinga mellom statleg og fylkeskommunal finansiering av senteret. Revisjonen sin rapport er venta å liggja føre til rapporteringa etter 2. tertial.

Vidare vil det vera fokus på kostnadsnivået i resten av tannhelseeiniane. Fylkestannlegen har sett i verk ulike tiltak; mellom anna redusert kostnaden av bonusordninga til tannpleiarar. Utover dette vil fylkesrådmannen vurdere innretninga av provisjonsordninga til tannlegane. I fjor var ufakturerte og forelda krav eit problem som medverka til eit større underskot for tannhelsetenesta. Dette er no rydda opp i og utgjer ikkje lenger særleg problem, mellom anna grunna overgangen til eit nytt økonomisystem.

Regional utvikling

Regionalavdelinga har etter fleire år med budsjettreduksjonar eit nokså stramt budsjett for 2017. Avdelinga melder likevel om balanse ved årets slutt. I verste fall vil avdelinga kome ut med eit mindre underskot.

Kraftinntekter

Det er budsjettert med netto inntekt på 40 mill. kr frå sal av konsesjonskraft i 2017. Marknadsprisen på kraft tok seg noko opp i fjor haust, og har i 1. tertial for det meste halde seg i området 25-30 øre pr. kWh. Sidan det ikkje er mykje snø i fjella i år, er det utsikter til at prisen kan halde seg oppe i sommar. Men dette kan fort snu om ein får nokre veker med mykje nedbør. Prognosen for 2017 er likevel at ein vil kome over 50 mill. kr i netto inntekt, dvs. minst 10 mill. kr betre enn budsjettert.

Samferdsel

Fylkesvegvedlikehald

Prognosen for vegvedlikehaldet syner eit meirforbruk samla for 2017. Meirforbruket er knytt til kostnader som oppsto i fjor. I hovudsak gjeld det opprydding etter skred og uvær på slutten av 2016; mellom anna uværet Urd og fjellsikring i Tokagjelet.

Samla er prognosen eit negativt avvik på 7 mill. kr for fylkesvegvedlikehaldet. Fylkesrådmannen legg til grunn at regionvegsjefen styrer vedlikehaldet mest mogeleg innanfor budsjettamma.

Kollektivtransport

Skyss melder om prognose på overskot i drifta med 30 mill. kr. Det har vore god utvikling i passasjertalet og inntektssida ligg over det som er budsjettert.

Tidleg i året er det framleis moment med grad av økonomisk usikkerheit. Desse kan endra årsprognosen for 2017 når ein kjem til 2. tertial. Dette gjeld mellom anna om kostnader og inntekter knytt til gjennomføring av sykkel- VM. I tillegg er det risiko rundt økonomiske verknader av endringar i avgifta på drivstoff for buss og båt. Ved rapporteringa pr. 2 tertial vil desse momenta vera meir avklart.

Totalt samferdselsektoren

Med negativt avvik for fylkesvegvedlikehald på 7 mill. kr og positivt avvik for kollektivtransporten på 30 mill. kr, vert prognosen pr. 1. tertial for samferdselsområdet positiv med 23 mill. kr i høve til budsjett. Fylkesrådmannen er nøgd med utviklinga og prognosetala innanfor kollektivtransporten, og sektoren generelt.

Kultur og idrett

Kultur og idrettsbudsjettet rapporterer ei prognose som er i samsvar med budsjettet. Kultur og idrettsavdelinga har store delar av utgiftene knytt til løyvingar som er tildelt sektoren og inntektene er relativt stabile. Det er difor også i år relativt liten usikkerheit knytt til prognosen for kultur og idrett.

Eigedom

Årsprognosen for 2017 inneheld ikkje vesentlege avvik i høve til budsjett. Den største risikoen for å oppnå balanse ved årets slutt er knytt til ledige lokale og husleigeavtalar i skulesektoren. På dette området er det framleis noko usikkerheit.

I beste fall vil ein kunne oppnå eit positivt budsjettavvik. Dette gjeld meirinntekt utleige, innsparing forsikringar, og eventuelt mindreforbruk knytt til reinhald og vakansar. Førabels melder avdelinga balanse ved utgangen av året.

Skatt og rammetilskot

Skattetala pr. 1. tertial er enno ikkje klare. Førebelse tal og prognosar tilseier ein prognose lik balanse på skatteområdet. Skatteinngangen pr. mars var 7 mill. kr lågare enn budsjettet. Samla sett vil tala pr. 1. tertial vera prognose i samsvar med det som er budsjettet.

I revidert nasjonalbudsjett er overslaget for dei samla skatteinntektene i kommunesektoren redusert med 700 mill. kr. Fylkeskommunane utgjer knapt 20% av totalen slik at om lag 125 mill. kr av den reduserte skatteveksten vil gjelda fylkeskommunane. Så langt i 2017 har ein ikkje observert særleg nedgang i skatteinntektene i Hordaland fylkeskommune, men fylkesrådmannen vil følgja denne utviklinga nøye.

Renter og avdrag

Det har ikkje skjedd nemnande endringar i rentenivået sidan budsjettet vart utarbeidd. Det ser difor ut til å bli godt samsvar mellom rekneskap og budsjett så langt.

Oppsummering

Under er oversyn over prognosen for dei ulike områda oppsummert:

	mill. kr
Politiske organ og administrasjon	0
Fellesfunksjonar/lønsavsetjing	5
Opplæring	- 26
Tannhelse	-15
Regional utvikling	0
Kraftinntekter	10
Samferdsel	23
Kultur og idrett	0
Eigedom	0
Skatt og rammetilskot	0
Renter og avdrag	0
TOTAL	- 3

Tertialrapporten etter 1. tertial 2017 viser prognose om balanse mellom budsjett og rekneskap ved utgangen av året. Rapporten viser at det er innanfor opplæring og tannhelse ligg an til meirforbruk. Samferdsel, lønsavsetjing og kraftinntekter ligg an til å koma ut positivt, medan dei andre avdelingane og områda etter denne prognosen vil ha balanse i rekneskapen for 2017.

Risikovurdering

Fylkesrådmannen har kvartalsvis gjennomgang av økonomiske rapportar med kvar avdelingsdirektør. Gjennom rapporteringane vurderer avdelingane den økonomiske situasjonen og melder inn risiko for økonomiske avvik, kor sannsynleg det er at avvik vil oppstå og økonomiske konsekvensar. Avdelingane skisserer også eit utfallsrom om beste og verste utfall og kva som er dei største «risiko- elementa» økonomisk sett. Innanfor avdelingane regional utvikling, kultur- og idrettsavdelinga, økonomi- og organisasjonsavdelinga er det lite sannsynleg med særleg avvik og relativt små økonomiske konsekvensar.

Fylkesrådmannen vurderer at det er størst risiko for avvik i prognosen for skatteinntekter, inntekter innanfor kollektivtransport, kostnader til drift av fylkesvegane og innanfor opplæringssektoren totalt sett på grunn av det store budsjettet fordelt på mange einingar innanfor denne sektoren. Omsetjinga innanfor kollektivtransporten og opplæringssektoren er så stor at det ikkje skal store prosentvis avvik til før det blir snakk om større summer. Ved rapporteringa pr. 1. kvartal vart det ikkje avdekka større avvik for

skatteinntektene. Kollektivtrafikkinntektene viste ein positiv tendens samanlikna med det som er budsjettet. Innanfor opplæringssektoren er prognosen ei mindre budsjettoverskriding.

Tannhelsesektoren er ein mindre sektor økonomisk sett, men den er fordelt på svært mange einingar. Prognosen etter 1. tertial viser at det kan gå mot budsjettoverskriding på 15 mill. kr. Dette er eit urovekkjande høgt tal. Fylkesrådmannen har avtalt med fylkeskommunen sin revisor, Deloitte ASA, å gjennomgå den økonomiske situasjonen ved TkVest/Hordaland. Revisjonen sin rapport vil liggja føre til rapporteringa etter 2. tertial.

Etter 1. tertial er prognosen for opplæringssektoren ei budsjettoverskriding på 26 mill. kr. Utover overskriding på nokre skular er prognosen meirforbruk for vaksenopplæring og fagprøver. Budsjettet for lærlingtilskotet har tidlegare år vist overskriding, men for 2017 er prognosen så langt at dette er i balanse. Det nye økonomisystemet har gjort at ein har fått auka fokus på økonomistyring på den einsskule skule. Ved rapporteringa etter 1. kvartal hadde kvar skule gjennomgang av situasjonen og rapporterte inn til opplæringsavdelinga. Fylkesrådmannen ser positivt på arbeidet som er gjort og er trygg på at dette vil vera med å styrka den økonomiske situasjonen framover – og slik redusera risikoen for at større avvik oppstår.

Med så høg lånegjeld som Hordaland fylkeskommune har, er sjølvstøtt rentekapitlet viktig å ha kontroll over. Så langt er det ikkje nemnande avvik mellom budsjett og rekneskap. Det er lite som tyder på store endringar i rentenivået resten av året, og ein stor del av låna har fastrenteavtale som dempar risikoen den fyrste tida. Fylkesrådmannen vurderer difor at det er liten risiko for avvik, men uføresette hendingar som påverkar rentenivået kan endra dette.

Budsjettmål og målepunkt

Tertialrapportar tidlegare år har hatt vedlegg med nærare gjennomgang av utviklinga for den einsskule avdelinga. Fylkesrådmannen har ikkje vore heilt nøgd med innrettinga av rapportane fordi det er utfordrande å få til felles mal i og med at avdelingane er ulike; både i storleik og innhald. Fokuset er ulikt når det gjeld drift og tenesteyting opp mot strategi- og planleggingsarbeid.

Fylkesrådmannen innførte i 2016 kvartalsvis rapportering av nøkkeltal eller KPI'ar (Key Performance Indicators) innanfor område som er spesielt viktige å følgje tett. Ved å setje tal på oppfølginga innanfor dei ulike områda kan fylkesrådmannen følgje utviklinga frå periode til periode; og mot dei måla som er sette. På denne måten vil fylkesrådmannen raskt få indikasjonar på eventuelle avvik.

I samband med budsjettarbeidet for 2018 vil fylkesrådmannen ta inn aktuelle målepunkt, samla for fylkeskommunen og for aktuelle avdelingar som ein vil følgja gjennom året både i dei administrative kvartalsrapportane, og i tertialrapportane til fylkestinget.

Det nye økonomisystemet gjer at ein kan vidareutvikla rapportane på fleire felt og dermed fanga opp ein større del av den fylkeskommunale verksemda. Innføringa av det nye systemet har så langt gått etter planen og rapporteringa etter 1. kvartal frå avdelingsdirektørane til fylkesrådmannen viste at ein her har mykje å vinna etter kvart som ein utnyttar systemet.

Fylkesrådmannen kjem som nemnt attende til eit justert rapporteringsopplegg i budsjettet for 2018 og tertialrapportane framover.

Tabell

Under er meir detaljert oppstilling med både rekneskapstal og prognosetal. Den syner balanse samanlikna med budsjettet for 2017. Tabellen viser også forbruk i % så langt i 2017. Til samanlikning er forbruket pr 1. tertial 2016 teke med.

	Rekneskap	Forbruk i %	Prognose	Rekneskap
--	-----------	-------------	----------	-----------

	apr. 2017	Årsbudsjett	av årsbud	budsj.avvik	apr. 2016
Politisk, kontroll, fylkesrådm.					
Kostnader:	29 111	58 271	50,0 %		23 346
Inntekter:	-1 542	-2 562	60,2 %		-884
Netto	27 569	55 709	49,5 %	0	22 462
Eigedom					
Kostnader:	97 712	254 677	38,4 %		52 738
Inntekter:	-21 101	-35 111	60,1 %		-14 350
Netto	76 612	219 566	34,9 %	0	38 388
Økonomi- og organisasjonsavd.					
Kostnader:	60 169	174 750	34,4 %		61 516
Inntekter:	-5 056	-11 300	44,7 %		-5 698
Netto	55 112	163 450	33,7 %		55 818
Regional utvikling					
Kostnader:	111 135	209 255	53,1 %		59 870
Inntekter:	-26 158	-119 305	21,9 %		-61 348
Netto	84 977	89 950	94,5 %	0	-1 478
Samferdsel					
Kostnader:	905 506	3 121 971	29,0 %		889 637
Inntekter:	-376 737	-1 233 973	30,5 %		-538 981
Netto	528 769	1 887 998	28,0 %	23 000	350 656
Kultur og idrett					
Kostnader:	140 220	374 014	37,5 %		111 713
Inntekter:	-15 443	-163 165	9,5 %		-11 143
Netto	124 777	210 849	59,2 %	0	100 570
Tannhelse					
Kostnader:	121 932	309 985	39,3 %		115 170
Inntekter:	-34 396	-105 985	32,5 %		-36 569
Netto	87 535	204 000	42,9 %	- 15 000	78 601
Opplæring					
Kostnader:	974 692	2 947 030	33,1 %		1 047 992
Inntekter:	-111 837	-217 744	51,4 %		-146 350
Netto	862 854	2 729 286	31,6 %	- 26 000	901 642
Skatt og rammetilskot					
Inntekter:	-2 201 295	-6 370 000	34,6 %		-2 130 002
Netto	-2 201 295	-6 370 000	34,6 %	0	-2 130 002
Renter og avdrag					
Kostnader:	41 998	751 000	5,6 %		56 436
Inntekter:	-10 912	-33 000	33,1 %		-13 471
Netto	31 086	718 000	4,3 %	0	42 965
Kraftinntekter					

Kostnader:	14 868	50 000	29,7 %		19 880
Inntekter:	-33 730	-111 000	30,4 %		-37 882
Netto	-18 862	-61 000	30,9 %	10 000	-18 002
Fellesfunksjonar, lønsavsetjing					
Kostnader:	16 520	185 624	8,9 %		8 397
Inntekter:	-83 741	-33 432	250,5 %		-96 361
Netto	-67 221	152 192	-44,2 %	5 000	-87 964
NETTO FYLKET TOTALT	-408 088			- 3 000	-646 344

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2017 vert endra slik:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./	Mindreutg./
02300	300 420 00	07602	Fylkesveginvesteringar	20 000 000	
02300	628 020 00	02131	Odda vgs.		15 000 000
02300	773 100 00	07009	Utleige - tidl. Fana gymnas		5 000 000
				20 000 000	20 000 000